



## KURSRAPPORT – JUS124, H 2016

---

KURSANSVARLIG: Ingunn Elise Myklebust

Kursrapporten er utarbeidet den 14. mars 2017 av Ingunn Elise Myklebust

### 1. FAGLÆRERS GENERELLE VURDERING

#### a) Praktisk gjennomføring

##### i. strukturen på kursopplegget

Tingsretten gjeld i hovudsak retten til, eller i, fast eiedom, og kan delast inn i ulike tema som offentleg styring av fast eiedom, eiedomsgrenser, grannerett, sameige, hevd osb. Opplegget er søkt gjennomført slik at tema for kursoppgåver (arbeidsgruppeoppgåver og storgruppeoppgåver), vert drøfta og løyst etter at det aktuelle tema er gjennomgått på førelesingar. Dette fungerer fint. Ved obligatorisk prøve blir det gitt både nokre spørsmål som vi har arbeida med frå før, og nokre «nye» som ikkje har blitt gjennomgått i undervisinga enno. Studentane verkar høveleg nøgd med dette. Det blir nokon «lette» spørsmål, men også høve til å strekkje seg.

##### ii. Forelesningene

Førelesingane vart i år avvikla på same måte som i dei seinaste åra. Ernst Nordtveit, Sigrid E. Schütz og eg har delt førelesingane mellom oss, og slik at Nordtveit og underteikna har drege brorparten av dette lasset. Vi har førelese i høve til det vi har særleg forskingskompetanse på, og samarbeidet mellom oss fungerer fint. Ettersom dei ulike emna i tingsretten er greitt tematisk fråskilt, som nemnt over, er det systematisk enkelt å dele opp førelesingane i ulike emne/problemstillingar, som også kan delast mellom ulike førelesarar. For studentane er det mykje nytt å setje seg inn i; fleire lover, men også omfattande ulovfesta rett og metodiske utfordringar knytt til dette. Ein del allmenne problemstillingar går att i dei ulike deltema i kurset, som t.d. korleis endringar i samfunnet påverkar tilhøvet mellom private partar, «tida og tilhøva» og miljøomsyn, men det er nettopp eit poeng å gjenta dette. I den første og den siste førelesinga er det også eit mål å vise samanhengar mellom ulike tema i kurset.

##### iii. benyttede arbeidsoppgaver – både i arbeids- og storgruppene

I all hovudsak er opplegget det same som dei siste åra, med mindre og endringar og oppdateringar.

Det er øva på både teorioppgåver og praktikumsoppgåver, og oppgåvene dekkjer det meste av dei sentrale problemstillingane i faget. Heilt like oppgåver blir det naturlegvis ikkje gitt på eksamen, og studentane må sjå korleis t.d. metode for løysing av spørsmål om eiedomsgrenser i sjø, kan ha overføringsverdi til løysing av spørsmål som gjeld eiedomsgrenser i vassdrag. Eg føretek løpende mindre justeringar i både arbeidsgruppeoppgåvene og storgruppeoppgåvene, m.a. for å møte mindre merknader frå referansegruppemøter og andre tilbakemeldingar, og for å innarbeide nye problemstillingar som kan attspegle dagsaktuelle tema.



# UNIVERSITETET I BERGEN

## Det juridiske fakultet

### iv. skriving og kommentering

Studentane skriv og kommenterer på arbeidsoppgåver, og dette går greitt. Studentane lærer mykje av dette. Som vanleg har det vore nokre oppgåver – oppgåvesvar/kommentering – som har blitt underlagt *kvalitetskontroll* hjå kursansvarleg.

### v. gjennomføring av arbeids- og storgruppessamlingene

Gjennomføringa av arbeidsgrupper og storgrupper har gått som planlagt.

Kursansvarleg har hatt eit møte med alle arbeidsgruppeleiarar tidleg i kurset, der det er gitt eit oversikt over alle oppgåvene, og informert om kva som er målsettinga med løysinga av dei ulike oppgåvene. Samarbeidet med arbeidsgruppeleiarane fungerer fint, og det verkar som arbeidsgruppeleiarane gjer ein svært god jobb for fakultetet.

Kursansvarleg og storgruppeleiarar har eit møte i forkant av kvar storgruppessamling, der vi ser på oppgåvene som vi skal gå igjennom saman med studentane. Vi har også i år nytta oss av ein ekstern storgruppeleiar. Samarbeidet med ulike storgruppeleiarar fungerer også fint.

#### i. obligatorisk kursoppgave

Dette har fungert greitt, og det har vore berre ei formell klage på kommenteringa.

#### ii. eksamen

#### *Prøveordning 6-timars eksamen*

Det har vore mest positive tilbakemeldingar på dette, men eg ser av evalueringa at det også er *ein* student som meiner at 6 timer ikkje er naudsynt.

Mi oppfatning er at det er lettare å finne det korrekte karakternivået når kandidatane har litt meir tid på eksamen: Eit par timer lengre til på eksamen gir studentane nok tid til å lese oppgåveteksten skikkeleg, systematisere stoffet på ein tenleg måte og betre tid til å reflektere over det resultatet ein leverer. Syner elles til fyldigare tilbakemelding på denne prøveordninga i rapporten som eg skrev i fjar.

Hyggeleg tilbakemelding frå student om 6-timars eksamen:

God aften,

Da jeg er sikker på at jobben som fagansvarlig og dekan kan være en svært utaknemlig jobb til tider, tenkte jeg å takke, hovedsakelig Professor Myklebust, ikke bare generelt for deres innsats ved fakultetet, men spesielt for å ha utvidet Tingsrett eksamen fra 4 til 6 timer.

Den utvidede eksamenstiden gav, for første gang på jussen, den følelsen av at jeg kunne stå bak det jeg leverte inn på eksamen -- da jeg ikke



# UNIVERSITETET I BERGEN

## Det juridiske fakultet

følte jeg gikk i tidsnød. De vanlige 4-timers eksamenene har minnet mer om muskelhukommelse og pugge-besvarelser enn konkrete oppgaver som innbyr til refleksjon og diskusjon.

Uansett hvordan resultatet blir for min egen del, ønsker jeg på det sterkeste å anbefale at denne lengden på eksamen blir beholdt til neste kull. Før første gang har jeg heller ikke møtt noen medstudent som følte de leverte inn en dårlig oppgave pga. mangel på tid. Det kan vanskelig tenkes noen overbevisende grunner til å gå tilbake til det gamle oppsettet.

Takk for deres innsats ved fakultetet, det legges merke til.

Mvh,  
B. Lund-Sørensen

### iii. samarbeid med administrasjonen

Samarbeidet med administrasjonen fungerer fint.

#### b) Strykprosent og frafall på eksamen

Strykprosenten er i år 3,2%. (10 totalt)

Det var 309 som møtte på eksamen.

Trekk under eksamen: 30

Ikkje møtt: 14

Legeerklæring: 4

#### c) Karakterfordeling

Karakterfordeling og strykprosent må seiast å vere normalt, og som venta.

Vi har mange flinke studentar, og det er ikkje overraskande at dette attspeglar seg på eksamen.

Tendensen er den same som i fjar og året før, med ei stor samling på midten av skalaen:

Sum	35	72	120	66	16	10	309
Prosent	11,3	23,3	38,8	21,4	5,2	3,2	100,0
Retningslinjer	8–12 %	20–30 %	24–36 %	20–30 %	8–12%		Total

#### d) og e) Studieinformasjon og -dokumentasjon og tilgang til relevant litteratur

Informasjonen og litteratur som studentane har behov for finnast på Mitt UiB og lovdata.



## 2. FAGLÆRERS VURDERING AV RAMMEVILKÅRENE

- a) Lokaler og undervisningsutstyr

Rammevilkåra for undervising er gode.

Datasystemet har fungert bra både ved førelesingar og storgrupper.

- b) Andre forhold

## 3. FAGLÆRERS KOMMENTAR TIL ÅRETS STUDENTEVALUERING(ER) (REFERANSEGRUPPEMØTET)

*Referat fra emnets referansegruppemøte er lagt ved denne rapporten, og skal være kommentert av kursansvarlig, jf. vedtak i Studieutvalget den 21.4.15.*

- a) Metode – gjennomføring

Studentevalueringer

- b) Oppsummering av innspill

Gjennomgåande verkar studentane som har svart å vere *middels* godt nøgde. Nokre meiner opplegget har vore bra, medan *ein* student har gitt tilbakemelding på at opplegget er *dårleg*. Kor representativt dette er, er sjølv sagt usikkert.

Dei fleste trekkjer fram at dei har hatt størst læringsutbytte frå arbeidsgruppene, medan dei meiner at førelesingane har gitt minst læringsutbytte. Det er neppe så underleg. Dei fleste lærer best gjennom å arbeide med og løyse oppgåver i mindre grupper. Studentane må då vere aktive. Studentane ønskjer seg motiverte førelesarar, som både bruker tid både på å vise oversikt over kurset/faget, men som også går i detalj på vanskelege spørsmål. Studentane synest i større grad å ønskje seg eit fokus på dei spørsmåla som dei vil få til eksamen.

Gjennomgåande verkar studentane å vere relativt godt nøgde med øvingsoppgåvene som er nytta i arbeidsgrupper og storgrupper, men det er også einskilde merknader knytt til vanskegrad og prioritering, m.m. Dette vil bli evaluert. Det er også nokre konkrete merknader til pensum. Dette skal vi sjå på.

Tingsrett er eit kurs som omfattar mange lover (som t.d. friluftslova, hevdslova, grannelova, servituttlova, vassdragslova osb, osb) og ulovfesta rett, og det er omfattande sett med dommar og rettskjelder som studentane må setje seg inn i. Det er mykje for studentane å lese og mykje å lære, men det finnast neppe nokon snarvegar her. Målet med førelesingane er å gi ei oversikt over sentrale problemstillingar innanfor fleire tema i kurset, slik at studentane skal vere i stand til å løyse ei heil rekke med ulike tingsrettslege problemstillingar, både på eksamen og – sjølv sagt – som ferdig jurist. Eksamens er berre stikkprøver, der det blir gitt somme spørsmål der det er trøng om oversikt, og somme spørsmål der det kan vere ein fordel med detaljkunnskap.

## 4. OPPFØLGING AV FJORÅRETS EVALUERING

### 5. Opplegget for H 2015 er om lag som H 2014 med mindre justeringar i førelesingar, oppgåver og rettleiingar.

## 6. FAGLÆRERS SAMLEDE VURDERING, INKL. FORSLAG TIL FORBEDRINGSTILTAK



# UNIVERSITETET I BERGEN

*Det juridiske fakultet*

Lærdomen av innspela over i pkt. 3 b), er at vi som førelesarar må vere enno tydelegare i høve til studentane om kva som er *målet* med førelesingane; nemleg å gi ei oversikt over rettslege problemstillingar i tingsretten, samstundes som vi utfyllar «læreboka» på meir spesifikke område der vi meiner det er trøng om det.

Læremidla verkar saman. Det er studentane som sjølve har ansvaret for å bruke førelesingar, oppgåver og litteratur, på ein slik måte at dei kan tileigne seg all den kunnskapen som framgår av kravet til læringsutbytte. Kvar år vil det kunne bli gitt eksamensoppgåver frå samtlege delar av emneskildringa/læringsutbytte.

Neste år skal eg og Ernst Nordtveit ha kurset saman, og vi skal sjå på kva vi eventuelt kan gjere betre både med førelesingar, oppgåvesett og ulike rettleiingar. Løpende oppdateringar er også nyttig og naudsynt for å møte nye utfordringar som følgje av samfunnsutvikling, ny lovgiving og dommar frå Högsterett.

*Ingunn Elise Myklebust*

*Kursansvarleg*